**STATENS PENSJONSKASSE**
Postboks 5364 Majorstuen, 0304 Oslo

# SØKNAD OM AVTALEFESTA PENSJON (AFP)

ORIENTERING OM UTFYLLING AV BLANKETTEN – SJÅ SIDE 2

Blankettnr. PT-3 (nynorsk) Elektronisk utgåve 09-00

## 0. Gjeld søknad om AFP

☐ før fylte 65 år ☐ etter fylte 65 år

## 1. Personlege opplysningar

| Etternamn, førenamn | Fødselsnummer (11 siffer) |
|---|---|
| | |

| Adresse | |
|---|---|
| Bukommune | Telefonnummer |
| | |

Sivilstand
☐ Ugift ☐ Gift ☐ Separert ☐ Skilt ☐ Enkje/enkjemann ☐ Registrert partnar

| Kryss av her dersom du har / har hatt barn med eller har vore gift med sambuaren | Kryss av her dersom du og sambuaren har levd saman i 12 av dei siste 18 månadene |
|---|---|
| ☐ Sambuar | ☐ Sambuarpar |

Dersom gift eller registrert partnarskap, lever du og ektefellen/partnaren varig kvar for dykk?
☐ Ja ☐ Nei

| Har du budd utanfor Noreg? | Om ja, før opp tidsrommet (frå–til) | Kvar (i kva land)? |
|---|---|---|
| ☐ Ja ☐ Nei | | |

| Statsborgarskap | Dersom utanlandsk, kva nasjonalitet? |
|---|---|
| ☐ Norsk ☐ Flyktning ☐ Utanlandsk | |
| Kva søkjer du om? | Frå (dato) |
| ☐ AFP ☐ Tillegg for ektefelle | |

## 2. Opplysningar om andre pensjonsordningar

| Har du ytingar frå andre tenestepensjons- eller trygdeordningar? ☐ Ja ☐ Nei | Om ja, før opp kva ordning |
|---|---|
| Krev du tillegg for ektefelle i AFP, må du føre opp bruttobeløp i pensjons- og trygdeytingane per månad | Kr |

## 3. Opplysningar om arbeid og inntekt

Noverande arbeid/arbeidsgivar

| Skal du slutte heilt som yrkesaktiv? ☐ Ja ☐ Nei | Om nei, kor stor brutto arbeidsinntekt per månad ventar du å få? | Kr |
|---|---|---|

## 4. Opplysningar om ektefellen

| Etternamn, førenamn | Fødselsnummer (11 siffer) |
|---|---|
| | |

| Har ektefellen inntekt? | Om ja, kva slags inntekt? | Brutto inntekt per månad |
|---|---|---|
| ☐ Ja ☐ Nei | ☐ Arb.inntekt ☐ Pensjon ☐ Kapitalinntekt | Kr |

## 5. Utbetalingsmåte

Før opp kontonummeret du vil ha pensjonen overført til

## 6. Målform

Ønskt målform på svaret
☐ Bokmål ☐ Nynorsk

## 7. Underskrifta til søkjaren

| Eg er kjend med at trygdekontoret og Pensjonskassen kan innhente dei opplysningane som er nødvendige for å avgjere søknaden. Eg har vidare gjort meg kjend med reglane for arbeidsinntekt og AFP, jf. rettleiinga til FELT 3 på baksida, og at for mykje utbetalt AFP skal trekkjast i framtidige ytingar. | Dato, underskrifta til SØKJAREN |
|---|---|

## 8. Skal fyllast ut av arbeidsgivaren

| Namnet på arbeidsgivaren | Pensjonsordningsnummer | Telefonnummer |
|---|---|---|
| | 3010 | |
| Har søkjaren vore samanhengande tilsett dei siste 12 månadene? ☐ Ja ☐ Nei | Namn og adresse på trygdekontoret søkjaren tilhøyrer | |
| Arbeidsinntekt året før pensjon blir teke ut | Arbeidsinntekt i uttaksåret inntil pensjon blir teke ut | Er arbeidstakaren omfatta av hovudtariffavtalen? ☐ Ja ☐ Nei |
| Kr | Kr | |

Dato, stempel og underskrift frå ARBEIDSGIVAREN

## 9. Skal fyllast ut av Statens Pensjonskasse

| Desse vilkåra er oppfylte | Er det inngått særleg tariffavtale om AFP? | I stilling v/pensjonering? | Til Trygdekontoret: Basisvilkåra for rett til AFP i statleg sektor er oppfylte ☐ Ja ☐ Nei |
|---|---|---|---|
| | ☐ Ja ☐ Nei | ☐ Ja ☐ Nei | |
| | 10 års medlemstid etter fylte 50 år? | Dato, stempel og underskrift | |
| | ☐ Ja ☐ Nei | | |

## *For trygdekontoret*

| Motteke dato | Registrert EDB |
|---|---|
| | |
| | Trygdekontornr. |
| | |

Språk/målform
☐ Bokmål ☐ Nynorsk ☐ Engelsk

Sivilstand (kode)

Statsborgarskap (kode)

Fødselsnummer

AFP frå offentleg pensjonsordning

Er søkjaren busett i Noreg og har vore samanhengande busett her frå fylte 16 år?
☐ Ja ☐ Nei

Om nei, fyll ut dei aktuelle felta nedanfor

Busett (kode)

Fråvik for flyktning
☐ Ja ☐ Nei

Overkompensasjon?
☐ Ja ☐ Nei

Trygdetid frå fylte 16 år t.o.m. det 66. år

| År | Månad |
|---|---|
| | |

Førebels arbeidsinntekt i året før uttaksåret (tilsvarer pensjonsgivande inntekt)
Kr per år

Er inntekta til ektefellen/partnaren/sambuaren over 2G?
☐ Ja ☐ Nei

Verknadstidspunkt

| | Månad/år |
|---|---|
| 01. | |

Tillegg for ektefelle/partnar/sambuar?
☐ Ja ☐ Nei (om ja, fyll ut under)
Kr per år

Dato og underskrift frå trygdekontoret

Reg. EDB-utbetaling

# SØKNAD OM AVTALEFESTA PENSJON (AFP)

Denne blanketten er utarbeidd med tanke på utrekning av AFP etter reglane i folketrygda. Det er viktig at alle felta blir fylte ut, for trygdekontoret treng desse opplysningane for å få rekna ut korrekt pensjon. Trygdekontoret kan hjelpe deg med å fylle ut blanketten.
Når du har fylt ut blanketten, skal han leverast til arbeidsgivaren din som sender han saman med pensjonsmeldingsskjema PT-7 til Statens Pensjonskasse. For at pensjonen skal bli utbetalt i tide, må arbeidsgivaren sende blanketten og pensjonsmeldingsskjema PT-7 til Statens Pensjonskasse minst tre månader før du går av.

***Om utfylling av blanketten:***
**SØKJAREN** fyller ut **felta 0–7** og sender blanketten til arbeidsgivaren.
Ver særleg merksam på at du med underskrifta di stadfestar at du er kjend med reglane for arbeidsinntekt og AFP, og at for mykje utbetalt AFP skal trekkjast i framtidige ytingar. Sjå nærmare under omtalen av FELT 3 nedanfor.
**ARBEIDSGIVAREN** fyller ut **felt 8** og sender blanketten saman med pensjonsmeldingsskjema PT-7 til Statens Pensjonskasse.
**STATENS PENSJONSKASSE** fyller ut **felt 9** og sender blanketten til det lokale trygdekontoret.
**TRYGDEKONTORET** vil utbetale pensjonen frå fylte 62 år. Frå fylte 65 år tek Statens Pensjonskasse over utbetalinga.

***Meir om utfylling av dei enkelte felta:***

**FELT 1**

- Sivilstand: Personar som har inngått registrert partnarskap for homofile, blir likestilte med ektefellar. Personar som bur saman, og som tidlegare har vore gift med kvarandre eller har / har hatt felles barn, skal trygdemessig vere likestilte med ektepar. Andre sambuarar blir rekna som sambuarpar når dei har levd saman i 12 av dei siste 18 månadene. Grunnpensjonen til sambuarpar blir fastsett etter dei same reglane som gjeld for ektepar.
- Det er mellom anna eit krav at du har budd 40 år i Noreg frå fylte 16 år og til og med det året du fyller 66 år, for at du skal få full AFP frå folketrygda. Framtidige år til og med året du fyller 66 år, blir rekna med. Det er arbeidsinntekta du har hatt tidlegare, som er avgjerande for storleiken på AFP. Inntekta finn du kvart år omrekna til såkalla pensjonspoeng på skattesetelen din.
- Forsørgingstillegg: sjå felt 4.

**FELT 3**

- Her skal du føre opp det noverande arbeidet og arbeidsgivaren din. Dersom du skal halde fram i arbeid, må du opplyse kor stor brutto arbeidsinntekt du ventar å få per månad. Også eventuell inntekt som sjølvstendig næringsdrivande må takast med. Med arbeidsinntekt meiner vi pensjonsgivande inntekt for det enkelte året slik den blir fastsett av likningsmyndigheitene.
- Ver merksam på at opplysningsplikta også gjeld ved ny inntekt / inntektsendringar på eit seinare tidspunkt. Inntektsopplysningar skal givast til trygdekontoret før fylte 65 år og deretter direkte til Statens Pensjonskasse.
- For den som søkjer om AFP med verknad frå 01.08.2000 og seinare, gjeld følgjande inntektsprøvingsreglar dersom den framtidige inntekta utgjer kr 15 000 (kr 4000 til og med 31.12.2001, kr 15 000 frå og med 01.01.2002) eller meir i løpet av kalenderåret: Pensjonen inkludert AFP-tillegget skal reduserast med same prosentdel som den framtidige pensjonsgivande inntekta utgjer av tidlegare pensjonsgivande inntekt. Den tidlegare pensjonsgivande inntekta blir fastsett på grunnlag av dei tre beste av dei fem inntektsåra før året før pensjoneringsåret.

  Løpande pensjon kan justerast når den pensjonsgivande inntekta kjem til å avvike med meir enn kr 15 000 frå det opphavlege inntektsanslaget som delpensjonen er utmålt etter. Du kan sjølv setje fram krav om slik pensjonsjustering.

  Det skal elles haldast eit etteroppgjer når den faktiske pensjonsgivande inntekta for det enkelte kalenderåret er kjend: for lite utbetalt pensjon skal etterbetalast, mens for mykje utbetalt pensjon skal trekkjast i framtidige pensjonsutbetalingar. Inntekta i pensjoneringsåret før du tek ut AFP, skal haldast utanfor etteroppgjeret med eit beløp som svarer til: tidlegare pensjonsgivande inntekt x talet på månader før uttaket / 12. Dersom du kan godtgjere at den faktiske pensjonsgivande inntekta før uttaket av AFP overstig dette beløpet, kan du krevje at det overskytande òg blir halde utanfor etteroppgjeret (kan m.a førekome ved etterslepsutbetalingar frå det avslutta arbeidsforholdet, gjeld òg feriepengar).

**FELT 4**

- Dersom du forsørgjer ektefelle / registrert partnar / sambuar som er over 60 år, kan du ha rett til ektefelletillegg. Du får ikkje ektefelletillegg dersom ektefellen/partnaren/sambuaren får AFP eller pensjon frå folketrygda eller har eiga inntekt som svarer til minst grunnbeløpet i folketrygda. Grunnbeløpet blir fastsett av Stortinget kvart år. Trygdekontoret opplyser kor stort det er.
  Storleiken på ektefelletillegget kjem an på kor stor samla inntekt pensjonisten får utanom eventuelt ektefelletillegg. Som inntekt reknar vi pensjon, arbeidsinntekt, sjukepengar, attføringspengar, dagpengar og kursstønad til livsopphald under arbeidsløyse. Med omgrepet ”pensjon” meiner vi pensjon frå folketrygda, norsk offentleg eller privat pensjonsordning inkludert forsørgingstillegg, norsk individuell pensjonsforsikring, livrente, gåvepensjon og liknande. Tilsvarande ytingar frå utlandet skal også reknast med.

**Arbeidsgivaren må sjå etter at pensjonsmeldingsskjema PT-7 alltid blir sendt saman med denne søknadsblanketten minst 3 månader før lønna blir stoppa.**